



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 3. juni 2024

Sak 2024/388 - Stiftinga Herøyspelet - org.nr. 976 052 994 - klage over vedtak om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Lotterinemnda sine medlem: Leiar Martin Hennig, og medlemmene Shabneet K. Bains og Elisabet Ekberg

Bakgrunnen for saka

- (1) Stiftinga Herøyspelet (klagar) søkte 23. august 2023 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2022. Søknaden gjaldt eit kompensasjonsbeløp på 146 235 kroner etter forenkla modell.
- (2) Lotteritilsynet kontakta klagar per brev i Altinn 26. september 2023 og etterspurde årsmelding for 2022. Søknaden var vedlagd ein styreprotokoll, og ikkje godkjend årsmelding. Det vart gitt frist for tilbakemelding innan 10. oktober 2023 og informert om at manglande svar kunne føre til at søknaden vart avslått. Klagar svarte ikkje på førespurnaden.
- (3) Lotteritilsynet av slo søknaden 20. desember 2023, med den grunngjevinga at søknaden mangla årsmelding for 2022 og at årsmeldinga ikkje vart sendt innan fristen for ettersending.
- (4) Klagar sende klage på vedtaket 21. desember 2023. Klagar viser til at meldinga om manglande årsmelding ikkje har vorte fanga opp av styreleiar eller av rekneskapskontoret som sende inn søknaden på vegne av stiftinga. Stiftinga opplyser at rekneskapskontoret ved ein feil har lagt ved ein styreprotokoll, og ikkje godkjend årsmelding. Godkjend årsmelding vart vedlagd klagen.
- (5) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og oversende klagen med innstilling 18. mars 2023 til Lotterinemnda for behandling.
- (6) Klagar sin rekneskapsfører, Fokus Rekneskap AS, sende på vegne av klagar utfyllande merknader til Lotteritilsynet si innstilling til Lotterinemnda den 3. april 2024. Det blir vist til at rekneskapskontoret tidlegare alltid har fått direkte tilbakemelding dersom det har væra manglar ved søknaden. I 2022 fekk rekneskapskontoret ikkje tilbakemelding sjølv om dei var innsendar av søknaden. Hadde rekneskapskontoret fått tilbakemeldinga i tide, hadde mangelen ved søknaden vorte retta innan fristen. Det blir elles vist til klagen og merknadene i sin heilskap.

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

Det rettslege grunnlaget

- (7) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar (forskrifta).
- (8) Søknaden skal sendast Lotteri- og stiftelsestilsynet på fastsett skjema seinast 1. september kvart søknadsår og skal underteiknast av den som har fullmakt til å søke, jf. forskrifta § 11 første setning. Etter § 11 andre setning bokstav a skal godkjent underskrive årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for den enkeltståande søkjaren bli vedlagd søknaden.
- (9) Av lov 10. februar 1967 nr. 10 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og under dette ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og skjønnsutøvinga. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling

Lotterinemnda si vurdering

- (10) Stiftinga Herøyspelet si klage gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak 20. desember 2023 om avslag på søknad om meirverdikompenasjon for rekneskapsåret 2022.
- (11) Lotteritilsynet sende 26. september 2023 brev til klagar i Altinn og etterspurde årsmelding for 2022. Det vart gitt frist for tilbakemelding innan 10. oktober 2023 og informert om at manglande svar kunne føre til at søknaden vart avslått. Klagar svarte ikkje på førespurnaden.
- (12) Lotterinemnda har delt seg i eit fleirtal og eit mindretal i spørsmålet om søknaden kan avslåast på det grunnlag at søknaden ikkje var vedlagd årsmelding, og at årsmeldinga ikkje ble ettersend innan fristen for ettersending jf. forskrifta § 11 andre setning bokstav a.
- (13) *Fleirtalet, Martin Hennig og Shabneet K. Bains*, vurderer at det er forhold på klager sin side som førte til at søknaden mangla årsmelding, og at årsmeldinga ikkje vart ettersendt innan fristen for ettersending.
- (14) Rekneskapskontoret som sende søknaden på vegne av klagar, har ved ein feil lagt ved styreprotokoll til søknaden, og ikkje godkjend årsmelding. *Fleirtalet* legg til grunn at søknaden derfor mangla pliktige vedlegg da søknadsfristen utløp og i utgangspunktet kan avslåast på dette grunnlaget, jf. forskrifta § 11 første setning, jf. § 11 bokstav a.
- (15) Lotteritilsynet har i innstillinga opplyst at tilsynet i dei seinare år har skapt ein praksis der søkjarar har høve til å ettersende pliktige vedlegg etter søknadsfristen. Dette føreset at dokumentasjonen er motteken i god tid før saksbehandlinga blir avslutta, og innan fristane som blir sett i kvar enkelt sak. *Fleirtalet* har ingen innvendingar mot ein slik praksis, men vil understreke at dette er eit unntak frå den klare regelen i forskrifta om at søknaden skal ha vedlagt alle pliktige vedlegg innan søknadsfristen 1. september kvart søknadsår. *Fleirtalet* understrekar at praksisen inneber at søkjarorganisasjonen som ikkje har levert ein søknad som oppfyller krava i forskrifta § 11 får utsett frist til å ettersende dei pliktige vedlegga.

- (16) Når Lotteritilsynet sender brev i Altinn om mangelfull søknad og utsett frist til å sende pliktige vedlegg, er dette etter *fleirtalet* sitt syn i tråd med korleis slik informasjon skal sendast, jf. forskrift 25. juni 2004 nr. 988 om elektronisk kommunikasjon med og i forvaltninga (eForvaltningsforskrifta) § 8.
- (17) Klagar har vist til at årsaka til at organisasjonen ikkje svarte på brevet frå tilsynet var at brevet vart sendt i Altinn, og ikkje til rekneskapsførar som hadde sendt søknaden og som var oppgitt som kontaktperson i søknaden. Styret hadde heller ikkje registrert brevet i Altinn fordi organisasjonen ikkje fekk varsel frå Altinn om brevet.
- (18) *Fleirtalet* legg til grunn at rekneskapsføraren til klagar, Fokus Rekneskap AS, var fullmektig for klagar i samband med søknadsprosessen. Utgangspunktet er da at fullmektigen som hovudregel skal få alle meldingar og førespurnader frå forvaltningsorganet i samband med saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 12 tredje ledd.
- (19) Det følgjer likevel av § 12 fjerde ledd første setning at ein fullmektig, med unntak av advokatar, skal legge fram skriftleg fullmakt. I NOU 2019: 5 side 579 kjem det fram at fullmektigen skal legge fram skriftleg fullmakt på eige initiativ. Dette for å gjere forvaltninga merksam på at parten er representert av ein fullmektig og informere om kva som er dekt av fullmakta. *Fleirtalet* legg etter dette til grunn at eventuell fullmakt i utgangspunktet må leggest fram overfor forvaltninga for at forvaltninga skal ha plikt til å sende brev eller andre førespurnader til fullmektigen etter forvaltningslova § 12 tredje ledd. I denne saka kan ikkje *fleirtalet* sjå at rekneskapsførar har lagt fram fullmakt ved søknaden, og Lotteritilsynet hadde derfor ingen plikt til å rette brevet til rekneskapsførar.
- (20) *Fleirtalet* har etter dette komme til at Lotteritilsynet har opptredd i tråd med forvaltningslova og eForvaltningsforskrifta ved å sende brevet om manglande vedlegg og utsett frist til å sende pliktige vedlegg til klagar sin Altinn. *Fleirtalet* legg vidare til grunn at det er søkjarorganisasjonen som har ansvar for å lage gode rutinar for å handtere søknadsprosessar. Det er også søkjarorganisasjonen som har ansvar for at personane som er ansvarlege for søknadsprosessen får varsel frå Altinn om at det har komme brev til organisasjonen, samt tildele riktige roller til representantane for å sikre at dei søknadsansvarlege har tilgang til breva. Dette gjeld også i små organisasjonar med lite ressursar.
- (21) *Fleirtalet* har etter dette komme til at det omstendet at søknaden mangla årsmelding for 2022, og at årsmeldinga ikkje vart sendt inn innan fristen for ettersending, må tilskrivast forhold på klagar si side. Når klagar ikkje har lagt ved pliktige vedlegg og dette kjem av interne forhold, har *fleirtalet* komme til at klagen ikkje blir teken til følgje.
- (22) *Mindretalet i Lotterinemnda, Elisabet Ekberg*, har komme til eit anna resultat enn *fleirtalet*. *Mindretalet* meiner at klagen bør takast til følge, og grunngevinga er todelt.
- (23) Det følger av forskrifta § 11 andre setning bokstav a at årsmelding er eit pliktig vedlegg til søknaden. Slik *mindretalet* forstår omgrepet årsmelding, er omgrepet meint å svare til lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsrekneskap m. v. (rekneskapslova) paragraf § 3-3 a om årsberetning. Rekneskapslova inneheld ikkje krav til årsberetning for små føretak, jf. rekneskapslova § 3-3 a, sett i samanheng med rekneskapslova § 1-6. Så vidt *mindretalet* kjenner til er det ikkje andre føresegner som angir krav til innhald i årsmelding for små føretak. *Mindretalet* er heller ikkje kjent med regulering som angir krav til årsmeldinga for juridiske einingar som ikkje er rekneskapspliktige etter rekneskapslova. Nettsida til

Lotteritilsynet inneheld heller ingen informasjon eller tilvising til lovregulering som angir kva ei årsmelding skal innehalde. Sat på spissen kan ei årsmelding, hypotetisk sett, berre bestå av eit signert dokument med overskrift «årsmelding», utan anna innhald. I denne saka hadde klagar ei årsmelding, med innhald, som ved ein inkurie var erstatta av ein styreprotokoll ved innsending av søknaden. Sidan årsmelding er eit pliktig vedlegg er det etter *mindretalet* si oppfatning behov for klargjering av kva som utgjer ei årsmelding etter forskrifta § 11. På bakgrunn av at verken lova eller forskrifta oppstiller krav til innhaldet i ei årsmelding, er *mindretalet* av den oppfatning at dei innsende dokumenta oppfyller kravet i § 11. *Mindretalet* vil gjere merksam på at det ikkje framstår som formålstenleg med same krav til årsmelding som i rekneskapslova § 3-3 a, i ei ordning der eit fleirtal av søkjarane er små føretak som ikkje er rekneskapspliktige etter rekneskapslova.

- (24) For det andre meiner *mindretalet* at praksisendringa, med overgang til at all kommunikasjon skjer gjennom Altinn, sett i samanheng med at klagar har brukt ein rekneskapsfører som fullmektig i søknadsprosessen, bør takast omsyn til i vurderinga. *Mindretalet* er samd med fleirtalet i at kommunikasjon etter gjeldande regelverk skal gå gjennom Altinn. *Mindretalet* er vidare samd med fleirtalet i at forvaltningslova § 12 tredje ledd angir at ein fullmektig skal legge fram skriftleg fullmakt. Trass dette, er vanleg praksis at rekneskapsførarar opptrer som fullmektig for ein part i søknadsprosessen utan at fullmakt blir lagt fram, noko som også har vore tilfellet for ordninga om meirverdiavgiftskompensasjon. *Mindretalet* er av den oppfatning at informasjon frå Lotteritilsynet omkring endring av praksis, og eventuelle konsekvensar av praksisendringa for søkjarar som er representerte ved ein fullmektig, har vore knapphendig. Sidan det har vore mangelfull informasjon om overgangen til bruk av Altinn, taler dette for, i dette konkrete tilfellet, at klagar gis medhald i klagen.
- (25) *Mindretalet* meiner at ei totalvurdering av faktumet i saka medfører at ei avvising av klagen ikkje verkar som eit rimeleg resultat. *Mindretalet* har på bakgrunn av dette komme til at søknaden ikkje kan avslåast med den grunngevinga at søknaden mangla pliktige vedlegg og at vedlegget ikkje vart ettersendt innan fristen.

Konklusjon

- (26) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysingane i saka at Lotteritilsynet sitt vedtak skal bli oppretthaldt.

Vedtak

Klagen blir ikkje tatt til følgje.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur